

Nasjonal aksjonsdag for eit klimaval

Eg heiter Synnøve Kvamme, og eg er så heldig å få vera leiar av Naturvernforbundet her i Hordaland, som er eit av dei største og mest aktive fylkeslaga i Naturvernforbundet, som er den eldste, og ein av dei største miljøorganisasjonane i Noreg. No skal eg få snakka litt om miljøutfordringane me står ovanfor, løysingane som finst, og kvifor det er så viktig at me nettopp i år gjer eit klimaval.

Me er no komne meir enn halvvegs gjennom 2015. Den 14. september er det kommune- og fylkestingsval, og politikarane våre og me som veljarar står ovanfor eit stort og viktig ansvar. Det er over 40 år sidan Naturvernforbundet først åtvare mot drivhuseffekten. Sidan den gong har klimaforskarane med stadig større sikkerheit slått fast at det er menneskeskapte utslepp av drivhusgassar som er grunnen til at global oppvarming er i ferd med å skje og at klimaet destabiliserer seg. I dag er 97 % av klimaforskarane einige om at det er me menneske og våre aktivitetar, som er grunnen til klimaendringane.

Likevel har eit stort fleirtal fram til no stemt på dei partia som framleis ikkje tar denne altomfattande utfordringa seriøst nok og som ikkje torer å staka ut ein ny kurs. Kvifor er det slik?

Klimaekspertane har sett eit absolutt tak for kor mykje drivhusgassar atmosfæren kan tåla for å unngå dei aller mest alvorlege, uhandterlege klimaendringane. Dette taket er me på stø kurs på veg mot, og jo lenger me ventar med å endra kursen, jo vanskelegare og meir dramatisk blir det.

Om 97 av 100 klimaforskarar har rett, går me med dagens rådande politikk ei skremmande og svært usikker framtid i møte. Klimaforskarane åtvarar mot stadig meir ekstremvær, havstigning, flaumar, heitebølgjer og auka mangel på mat og vatn i takt med at verden i tillegg blir stadig meir overfolka. Ikkje minst vil, ikkje tusenvis, ikkje hundretusenvis, men *mange titals millionar* menneske bli drivne på flukt som følgje av at leveområda deira blir oversvømte, eller klimaet for ustabil til at det er mogleg å leva og dyrka mat der.

Dette er eit skremmande scenario. Det aller mest behaglege er å lukka auger og øyrer og overtyda oss sjølve om at det ikkje er sant. Det er lett og fristande å fortsetta som me alltid har gjort, og mange vel derfor å stilla seg kritiske til det 97 % av klimaforskarane er einige om. Og det hjelper ikkje på at dei største og mektigaste oljeselskapa brukar dei same PR-selskapa til å så tvil om klimaforskinga, som tobakksindustrien i si tid brukte til å så tvil om dei negative helseeffektane ved røyking. Av desse grunnane er det framleis nokon som vel å tru at miljøbevegelsen berre er ein gjeng med hysteriske dommedagsprofetar og at global oppvarming berre er ein del av jorda sine naturlege klimasvingingar.

Mange påpeiker at klimaet på jorda har gjennomgått enorme endringar før; halve planeten vår har vore dekkja av is, og for millionar av år sidan var jorda òg mykje varmare enn i dag og heilt isfri.

Så er det eigentleg så farleg om det blir litt varmare no, om så det skulle vera vår feil?, tenker du kanskje. Svaret er ja. Dei endringane me forårsakar med våre klimagassutslepp, er nemleg ikkje ein del av jorda sine langsame, naturlege endringar, og dei skjer mykje fortare enn det som er naturleg. Mange dyre- og planteartar, som òg er viktige for oss menneske og vårt livsgrunnlag, står i fare, fordi dei rett og slett ikkje rekk å tilpassa seg dei raske endringane.

Og tru meg, me skulle alle ynskja at situasjonen ikkje er som den er. Det er ingen som ynskjer seg ei framtid som den klimaforskarane spår at me går i møte utan omfattande samfunnsendringar. Det er sjølvsagt ein sjanse for at dei tar feil. Sånn vil det alltid vera med ting som ligg i framtida, og den situasjonen me er i no har menneske aldri vore ute for før.

Uansett kva forskarane seier så har alle lov til å tru kva dei vil. Men uansett om ein vel å tru at global oppvarming er menneskeskapt eller ikkje, så burde alle kunna vera einige om at det er ein enorm sjanse å ta å gå utifrå at 97 % av ekspertane på området tar feil. Det er ein sjanse dei færraste av oss ville tatt i alle andre samanhengar. Ville du for eksempel ha bygd hus på ei tomt der 97 ekspertar seier at det kjem til å gå eit stort ras, eller ville du ha høyrte på dei 3 som sa at det ikkje er heilt sikkert at det kjem til å gå eit ras? Ville du sett deg på eit fly som 97 av 100 ekspertar seier kjem til å styrta, eller vil du høyra på dei 3 som seier at det ikkje er sikkert, og sett deg på flyet likevel?

Konsekvensane av global oppvarming kan verka fjerne for oss som bur i gode, trygge Noreg. Spesielt er me vestlendingar allereie vane med store nedbørsmengder. Det betyr ikkje at me slepp unna.

Klimaet er allereie i endring, og fleire episodar med ekstreme nedbørsmengder, flaum og ras dei siste åra har allereie vist kor sårbare me og infrastrukturen vår er, i møte med naturkreftene sine herjingar. Havnivået er forventet å stiga mest på Vestlandet og Sørlandet, og ut utan ein ny miljøpolitisk kurs kan Bryggen bli liggande under vatn i løpet av dei neste 100 åra.

Ikkje minst er me eit land som har tent oss rike på boring av olje og gass. Derfor har me ikkje berre har eit moralsk ansvar ovanfor alle dei landa som vil bli hardast ramma av klimaendringane som Norge har vore med å forårsaka. Mange titals tusen nordmenn jobbar òg innan fossilindustrien, og det siste året har fleire tusen måtta gå på grunn av fall i oljeprisen. Men dette er berre ein forsmak på kva som ventar viss me ikkje tar kontroll over situasjonen.

Fire femtedelar av den fossile energien me allereie veit om, må få bli liggande under bakken om me skal kunna nå målet om å avgrensa den globale oppvarminga til to grader, som er den absolutt øvre grensa for kva me forhåpentlegvis kan klara å handtera av klimaendringar.

Derfor må alle olje-, kol- og gassproduserande nasjonar setja i gang ein omstillingsplan. Er me egoistiske og kortsynte nok til å halda fram med fossilproduksjonen til siste dråpe, vil me ikkje berre styra utsleppa mot fem gonger høgare enn det som FN sitt klimapanel har slått fast som den absolutte øvre grensa, men som me alle veit er fossil energi òg ein avgrensa ressurs som det berre er eit spørsmål om tid når vil ta slutt. Viss me nektar å sjå sanninga i auga, og nektar å gå i gang med omstillinga, vil ein heil industri kollapsa den dagen alt er brukt opp, og titals tusen vil stå utan jobb – og katastrofa vil vera komplett når denne feilsatsinga i tillegg har ført klimaendringane ut av kontroll og på veg mot eit ulevelleg klima på jorda.

Utfordringane me står ovanfor kan verka lammande og for skremmande å ta innover seg. Det kan verka håplaut, og ein kan spørja seg kva det hjelper om akkurat *du* gjer noko.

Og på mange måtar er det sant at det ikkje er så lett. Da e tid- og ressurskrevjande å finna ut kva ein sjølv kan gjera for å leva berekraftig. På mange måtar er ikkje samfunnet godt nok lagt til rette for at ein kan leva så miljøvenleg som nødvendig.

Det er politikarane sitt ansvar å tilrettelegga for at me kan ta dei rette vala – men då må *me* først ta det retta valet og stemma på dei politikarane som er villige til å bretta opp ermene og ta tak i denne jobben. Nettopp derfor er det så utruleg viktig å bruka stemmeretten til å stemma på dei partia og politikarane som er modige nok til å staka ut den nødvendige, nye kursen!

Omstillinga til eit grønt, berekraftig samfunn hastar, og jo før me startar jo betre er det. Klimautfordringane er globale, men løysingane og tiltaka må gjerast på det lokale nivået og me har ikkje tid til å venta på effektive, internasjonale avtalar. Endringane må starta no. Kvifor skal me forventast at andre gjer noko, om me ikkje er villige til å gjera noko sjølv?

Utfordringane er store, men løysingane finst allereie. Det einaste me treng er modige, framsynte politikarar som torer å ta dei naudsynte, banebrytande vala, som torer å leggja opp til ein heilt ny samfunnsstruktur. Politikarar som torer å snakka om eit stabilt og berekraftig forbruk framfor evig, umogleg vekst, som snakkar om utvikling framfor auke. Politikarane som torer å prioritera og satsa på sykkel, tog, gange og kollektivtransport framfor motorvegar, som lagar parkar i staden for parkeringsplassar, som satsar på nye, berekraftige arbeidsplassar i staden for å tyna jordskorpa til siste oljedråpe og stadig jaktar på meir av det som utgjer ein stadig større trussel mot oss og etterkomarane våre.

Naturvernforbundet har utarbeidd ein realistisk og gjennomførbar framtidsvisjon for korleis Bergen kan vera ein god og grønn by i 2030. Denne viser at vegen til det berekraftige

samfunnet er open, det står berre på politisk vilje og styring. Det er summen av kvar enkelt stemme som avgjer alt, derfor betyr nettopp di stemme alt. For eit betre, meir rettferdig samfunn som kan bestå over tallause framtidige generasjonar, for deg sjølv, dine barn og barnebarn – tida er overmoden for å gjera eit klimaval. Kva du vel no kan vera avgjerande for framtida.

Takk for meg, og godt val!